



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

MIDSUND KOMMUNE
01 JUL 2005
Saksnr: 359/2005
J nr: 1744/05
Arkivnr:

Midsund kommune
Sentraladministrasjonen

6475 MIDSUND

Dykkar ref

Vår ref
05/1921-2 HPG

Dato 01 JUL 2005

Konsekvensutgreiing om kommunesamanslåing Aukra og Midsund - tilsegn om midlar

Vi viser til brev av 25. 5.2005 der Aukra og Midsund kommunar søkjer om midlar til ulike tiltak knytt til ei eventuell kommunesamanslåing. Søknaden er todelt. I del I søkjer kommunane om 300 000 kroner til gjennomgang av samfunnsøkonomiske konsekvensar av ei kommunesamanslåing. I del II søkjer kommunane om 100 millionar kroner i støtte til fast samband mellom kommunane (Oterøya og Gossen). Subsidiært til denne søknaden ber kommunane departementet vurdere om det kan ystast 200 000 kroner i utgreiingsmidlar til ei strategisk analyse som kan setje vegsambandet inn i ein regional utviklingsssamanheng der kommunesamanslåing mellom Aukra og Midsund er eitt viktig tema.

Del I

Kommunestrukturprosjektet *Framtidas kommunestruktur* er nå avslutta frå kommunane si side, men departementet har opna for at kommunar kan greie ut konkrete samanslutningsalternativ. Departementet vil difor støtte nye utgreiingar av konkrete samanslutningsalternativ med inntil 100 000 kroner pr. kommune.

Kommunal- og regionaldepartementet gir med dette Aukra og Midsund kommunar i alt 200 000 kroner over kapittel 571, post 64 i statsbudsjettet for 2005.

For utbetaling av tilskotet føreset departementet at kommunestyra har fatta vedtak om at det er ynskjeleg med ein utgreiing og at dei vil handsame utgreiinga i etterkant. Utgreiinga skal gjennomførast raskt, slik at det blir mogeleg å slutføre prosessen innan 31.12. 2005, inkludert endeleg vedtak i kommunestyra om samanslutning. Vi gjer merksam på at vedtaka i kommunestyra kan gjerast avhengig av utfallet i ein eventuell

rådgjevande folkerøysting. Vi gjer og merksam på at lova ikkje har krav om folkerøysting, men om folkehøyring.

Midlane blir utbetalt etter spesifisert faktura over medgatte utgifter. Faktura for 2005 må vere sendt departementet innan 30.11.2005. Rekneskap godkjend av revisor må sendast departementet innan 01.03.2006. Vi legg vidare følgjande føresetnader for tildelinga til grunn:

- Det kan dokumenterast at midlane er brukt i samsvar med tilsegnet.
- Dersom midlane er nytta i strid med føresetnadene, eller det manglar dokumentasjon for bruk, kan midlane krevjast tilbakebetalt.
- Dokumentasjon som blir utarbeidd i prosjektet i det tidsrommet prosjektet mottar støtte, skal utan vederlag stillast til disposisjon for departementet.

Departementet ventar òg at kommunane formidlar erfaringar frå prosessen og arbeidet med utgreinga i samanhengar som til dømes konferansar/møte i regi av departementet.

Del II

Departementet har dei siste åra gitt støtte til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman. Vi viser i den samanhengen til punkta 1.2 og 1.3 i notatet "Økonomiske rammebetingelser knyttet til kommunesammenslutninger", som kommunane sjølve viser til. Der går det mellom anna fram at viss departementet skal kunne gå inn med skjønnsmidlar i et samferdselsprosjekt vil det vere avgjerande at all anna finansiering i prosjektet er sikra, at prosjektet er garantert gjennomføring gitt bidraget til toppfinansiering, og at behovet for toppfinansiering er avgrensa i omfang. Samla sett vil det vere eit behov for fagleg kvalitetssikring som må gjerast saman med samferdselsmyndigheitene.


Vi registrerer at søknaden om støtte til infrastruktur har kome før 1. juli. Kommunane kan derfor vente å få støtte til infrastruktur dersom dei vel å slå seg saman, men søknaden er lite utdjupande slik han no ligg føre. Vi vil derfor vente på ein utdjupning av søknaden i tråd med momenta som er beskrive i avsnittet over før vi kan ta vidare stilling til ein slik søknad.

Vi vil samstundes likevel peike på at søknadsbeløpet på 100 millionar kroner er av eit langt større omfang enn det andre kommunar har fått i tilsvarande støtte. Vi vil derfor be kommunane om å vurdere om det og finst andre moglege finansieringskjelder for på den måten å redusere søknadsbeløpet til eit nivå som kan vere meir realistisk å vente å få støtte til.


Vi avslår samstundes den subsidære søknaden om utgreiingsmidlar til ei strategisk analyse som kan setje vegsambandet inn i ein regional utviklingssamanheng. Departementet har ikkje midler til utgreiingar til slike føremål.

Vi ynskjer lykke til med den vidare prosessen.

Med helsing



Erna Øren e.f.
underdirektør



Hans Petter Gravdahl
rådgjevar

Likelydande brev sendt til:

Aukra kommune

Midsund kommune